

FORBØN

Til familiegudsteneste og ordinær gudsteneste

FAMILIEGUDSTENESTE

FORBØN FOR FORFØLGDE KRISTNE

Det kan tennast eit lys i lysgloben for kvar bøn.

Bønene kan lesast opp av liturgen og/eller av born/konfirmanter/ungdom.

Bruk gjerne også bøner som er skrivne av born/konfirmanter/ungdom i kyrkjelyden dykkar.

L Kjære Gud, vi ber for alle dine born på jorda.
Ver hjå dei hele tida, om natta og om dagen.

M Herre, høyr vår bøn. *(Eller anna sjølvvald bønesvar.)*

L Takk for at alle som trur på deg høyrer saman.
Hjelp oss å hugse at alle kristne i verda er våre sysken.

M Herre, høyr vår bøn.

L Vi ber for dei som ikkje får lov til å ha gudsteneste, slik som oss.
Hjelp dei å samlast, og pass på dei.

M Herre, høyr vår bøn.

L Vi ber for dei som blir arresterte av politiet, fordi de fortel andre om Jesus.
Vær hjå dei og trøyst dei, og lat dei sleppe fri.

M Herre, høyr vår bøn.

L Vi ber for kristne som må flykte frå husa sine og finne nye stader å bu.
Vern om dei og hjelp dei til å finne tryggleik.

M Herre, høyr vår bøn.

L Kjære Gud, hjelp oss så vi kan hjelpe våre kristne sysken som har det vondt.
Takk for at vi kan be for dei og vite at du høyrer.

M Herre, høyr vår bøn. Amen.

ORDINÆR GUDSTENESTE

FORBØN FOR FORFØLGDE KRISTNE

(Evt.kan teksten frå «Litani for dei forfølgde» brukast – sjå Ressursbanken på www.stefanus.no.)

Det kan tennast eit lys i lysgloben for kvar bøn.

Bønene kan lesast av liturgen, eller av fleire personar.

Bruk gjerne også bøner som er skrivne av personer i kyrkjelyden dykkar.

- L Gode Gud, Himmelske Far, takk for at vi får kome til deg med alle våre bøner. Vi veit at du høyrer når vi ber.
- M Herre, høyr vår bøn. *(Eller anna sjølvvald bønnesvar.)*
- L I dag vil vi lyfte fram for deg alle kristne sysken som lid under ufridom, undertrykking og forfølgning. Hjelp oss å hugse på dei, så vi kan stå saman med dei i bøn og handling.
- M Herre, høyr vår bøn.
- L Vi ber om at dei forfølgde vil setje si von og sin tillit til deg, midt i lidinga. Vern om dei som møter forfølgning for ditt namns skuld. Gje von til våre forfølgde sysken.
- M Herre, høyr vår bøn.
- L Vi ber om at forfølgning tek slutt der det skjer, og at det blir ekte trusfridom. Vi ber om at utsette må få oppreising og oppleve rettferd. Vi ber om at overgripingar og valdsmenn må haldast ansvarlege for handlingane sine.
- M Herre, høyr vår bøn.
- L Velsign og vern om alle som risikerer liv og tryggleik for å hjelpe kristne flyktningar. Lat dei kjenne at dei ikkje er åleine. Bevar dei på deira farlege oppdrag med å bringe von og trøyst til menneske på flukt.
- M Herre, høyr vår bøn.
- L Vi ber for alle born som må lide fordi de sjølve eller foreldra er kristne. Vi ber om at du må verne borna frå varige skader, både i sjela og kroppen. Du ser at mange born er komne bort fra familiane sine. Ta vare på dei, og dei få vere saman med familiane sine igjen.
- M Herre, høyr vår bøn.
- L Vi ber om velsigning for alle som arbeider for trusfridom i stengde land. Hald di hand over dei som forkynner evangeliet i eit fiendtleg miljø. Gje dei tryggleik, klokskap og styrke til å halde fram.
- M Herre, høyr vår bøn.

L Gode Gud, himmelske Far, vi takkar for at du har kalla oss til å vere lys og salt i verda. Gje oss mot og vilje til å vere hendene og føtene dine. Gje oss vilje og kraft til å stå saman med våre forfølgde sysken. Kom med helbreding, rettferd, kjærleik og forsoning.

M Herre, høyr vår bøn. Amen.



FLEIRE RESSURSAR PÅ: www.stefanus.no